

105014

KJELL RAGNAR BERGE

5942 HYLLESTAD.

HYLLESTAD, 22.5.85

INO
Postboks 924 - Sentrum,
0104 OSLO 1.

TIL ORIENTERING FOR INO.
=====

Tilbakeblikk:

I brev av 25. mai 1984 til INO spurde eg om opplysningar om den tyske styrkesamansetning i Sogn og Fjordane under okkupasjonen. I svarbrev frå INO 29.8.84 får eg opplyst at De ikkje har materiale om emna, men forespørselen er oversendt lektor P.O.Storlid i Stavanger som muligens kan hjelpe. (Forøvrig takk for hjelpa). Storlid henviser i sitt svar bl.a. til Militærarchiv i Freiburg, og det er god hjelp. Men det er langt til Freiburg..

Tips:

Eg har i det siste året arbeida vidare med saken, og det har no lykkast meg å få svar på dei fleste spørsmål som eg hadde. Difor vil eg få lov til å orientere INO om følgjande:

(Det forbausar meg kanskje litt at ingen i INO visste dette?)

Dei fleste interessante dokument så som Kriegstagebuch og Tätigkeitsberichte frå AOK Norwegen (seinare 20.Geb. AOK) og ned til divisjonane, fins i Militærarchiv i Freiburg. Men, dei same dokumenta er også fotografert og finst på mikrofilm i National Archives and Records Service, Washington, USA. Derfrå kan ein få tilsendt mikrofilm til \$ 20 pr. stk. Eg har fått 4 mikrofilm som inneheld kart og diverse oversiktar over dei tyske styrkane både i Sør-Norge (LXX. AK) og i Sogn og Fjordane (69. og 280. ID). Kataloger over arméane, korpsa og divisjonane (samtlege i den tyske hær unnateke Waffen-SS såvidt eg kan sjå) fins i Universitetsbiblioteket i Oslo under navnet: "Guides to German Records Microfilmed at Alexandria".

Kanskje INO burde skaffe seg desse Guidane (hittil ca 71 stk)?

God sommar !

Med helsing

Kjell Ragnar Berge